Storgata 7-9 estetisk utgreiing:

Tomta, som i dag omfattar to eldre hus med mellomliggjande parkeringsareal og vegetasjon, huser sentrumsfunksjonar som avisredaksjon og husvære for utleige. Bygga har avgrensa utviklingspotensiale til sentrumsfunksjonar i samsvar med gjeldande reguleringsplan både med årsak i sin storleik og innbyrdes plassering. Tomta ligg lengst vest i Volda sentrum og markera slutten på sentrumsbusetnaden og starten på småhusbusetnaden på Hauane. Den er lokalisert mellom to parallelle gater med relativ liten innbyrdes avstand som leier trafikken ned frå øvre del av Volda og ned til sjøen. Heile arealet mellom desse to gatene har same formål og utnyttingsgrad i den gamle reguleringsplanen og kommuneplanen.

Vi meiner ei slik disponering av sentrumsarealet er formålstenleg. Hauane bustadområde er lokalisert på eit terrengmessig høgdedrag som hevar seg markert over det gjennomsnittlege nivået til sjølve sentrum. Sentrumsarealet fell forholdsvis mykje mot sjøen og nord-sør gåande gater blir relativt bratte. Hauane stig forholdsvis brattare slik at eit skilje i utnyttingsgrad og funksjon blir naturleg å legge i Smithsgate som er siste sentrumsgate mot vest.

Ein les denne strukturskilnaden også i tomteutnyttinga og mellomroma mellom husa i kvartala i eksisterande busetnad.

Det omsøkte tiltaket har tilpassa seg at bygget på Storgata nr. 7 som huser Møre avisa skal stå og drifta vidareførast også i byggetida. Dette blir einaste sentrumsfunksjonen i prosjektet utanom dei nye husværa. Fyrste utfordringa i tiltak med slike blandingsformål er å få stetta parkeringskrava og samstundes sikre areal til sentrumsfunksjonar som gir aktivitet og lys i vindua, gjerne også på kveldstid. På ei fallande tomt er også sjølve innkøyringa til ulike parkeringsetasje ei utfordring. Vårt tiltak har eit nedre parkeringsplan som samsvarar med bakkeplan i eksisterande avis-bygg. Dette planet strekker seg under heile ny-bygget og ligg på det nordlegaste punktet ein og ein halv etasje under bakkeplan.

Neste etasje vert nytta delvis til utvida avis-funksjonar og dels til ei tilbaketrekt parkeringsetasje med tilhøyrande utebod-funksjonar. Desse to etasjane er konstruktivt sett nødvendige for prosjektet og arealet står, slik prosjektet er utforma, i eit harmonisk forhold til det reelle behovet for areal til slike funksjonar. Dette er avgjerande for økonomien i prosjekt der brutto-nettofaktoren gir direkte utslag på nødvendig salspris og dermed etterspurnaden etter husværa.

Når dei nedste etasjane er «booka» kan layouten på bustad-etasjane optimaliserast utifrå tilgjengelege sol- og utsynsressursar. Taket på attståande eksisterande bygg skal rivast og erstattast av eit dekke som kan nyttast til felles leikeplass og uteopphaldsareal. Det skal møblerast med leikeapparat og aktuelle utemøblar og stellast til med planter og kunstgras. Solforholda er gode, arealet ligg skjerma til og vil slik sett vere godt egna til denne funksjonen ikkje minst gitt lokaliseringa nær bakkeplan og ved heis/trapp. Husværa omkransar dette arealet og er stabla opp i 3 etasje i vest og 3 etasje i nord, denne siste etasjen er vesentleg inntrekt på nordsida. Stigninga i desse to voluma fylgjer stigninga i terrenget i same område og bidreg til at inntrykket av den samla bygningsmasse blir likare dei nærliggjande strukturane forma av naturen. For ytterlegare å skape dynamikk og harmoni er voluma splitta av ei transparent vertikal kommunikasjonsåre i form av trapperom og heis med glas i veggar og tak. Gjennom denne spalta kan ein frå bakkeplan sjå kyrkjespiret frå Smithsgate. Ein vil sjå i vedlagt illustrasjon frå Smithsgata at fasadeoppbygginga spelar på lag med volumoppdelinga og spalta på ein måte som bryt det store anlegget ned i «menneskelege» dimensjonar som «snakkar» med typologien på andre sida av gata.

Balkongar og terrassar som er trekt ut er også med på å skape ein luftig ham på bygningsmassen, ein vil legge til rette for opparbeiding av vegetasjon på taket som mogeleggjer ei foredling av det samla inntrykket i retning av «Babylons hengande hagar».

Kommuneplanen og andre relaterte dokument signalisera ei sterk føring frå dei folkevalde om å fortette sentrum. Dette for å betre utnytte etablert infrastruktur, avlaste omkringliggjande bustadområde og legge til rette for meir aktivitet og liv i sentrum. Langsiktige planar må nødvendigvis ta tid, forvandlinga til eit fortetta Volda vil ikkje kunne skje i ei metamorfose. Difor må vi sjå føre oss sluttresultatet når vi skal evaluere prosjekt som skal etablerast i områder som langt i frå oppfyller intensjonen i planen. Skalaen i omgjevnadane illustrerer gårsdagens ideal som ikkje mogeleggjer ei fortetting i retning av sentrum i byar som Ålesund, Molde, Ulsteinvik m.m. Vi meiner vedlagte fotomontasjar viser at tiltaket vil kunne tole å stå åleine ei tid. Ei nedtrapping mot nord i kombinert med andre arkitektoniske verkemiddel som halvtransparans, relieff og kontrast, bidreg til å visuelt bryte ned skalaen slik at overgangen til Hauane blir mindre dramatisk.

Vi har utvikla eit prosjekt som gir ny giv for Møre avisa ved tilførsel av ekstra areal og universelt tilgjenge. Vi har skaffa 18 nye sentrumsnære husvære med gode sol og utsynsforhold. Vi har etablert parkering i eige hus og slik avlastar sentrum. Vi har etablert fellesfunksjonar som vil kunne bidra til meir samvær og trivsel i sentrum til alle årstider. Vi har funne ei utforming som gir ein brutto-nettofaktor som gjer prosjektet, og det å kunne få seg eit fin sentrumsnært husvære med gode kvalitetar realiserbart.

Vonar slike prosjekt er velkomne i Volda.

Med vennlig helsing

Georg Grimstad (Siv.ark)

arkitektur & design as

Mob: 91531717

E-post: georg@bucci.no

www.bucci.no

30

Møre
UF 85392

UF 85392

RJ 23991

Canal Digital
RJ 23991

NORLED
Smiths gate

NORLEDE
Smiths gate

LC
D
O
N
B
E
H
F
M
SMITHS GATE
10
13
9
11
9
7
2
5
5A
5B
5C
5D
5E
5F
5G
5H
5I
5J
5K
5L
5M
8
6
2
4
3
5
7